

Tenester frå Jølster Kommune

Vedtaksnemnda i kommunen tildeler desse tenestene etter søknad og fagleg vurdering. Det er årleg prisjustering for tenestene.

Søknadsskjema finnast på kommunen si heimeside under fanene:

Tenester → Helse-og-omsorg→Eldreomsorg.



DAGTILBOD

Dagopphald i institusjon

Skei og Vassenden dagsenter tilbyr dag-opphald med sosial og fysisk aktivitet for eldre som bur heime eller i omsorgs-bustad. Ope ca4 timar 2-3 dagar i veka. Tilbyr sosial og fysisk aktivitet. Pris kr. 80,- per dag inkludert middag og skyss dersom naudsynt.

Dagopphald for personar med demens

Tilbod til personar med demens og deira pårørande, starta opp som prosjekt hausten 2015 med midlar frå helsedirektoratet. Tilbodet består av ulike aktivitetar tilpassa den enkelte. Pris frå kr 20,- per time til kr 205,- per dag. Kontakt demensteamet for informasjon: 91658199.

TRYGGLEIKSALARM

Tryggleiksalarm gjer det mogleg å komme i kontakt med hjelpeapparatet ved å trykke på ein knapp som ein har på armen eller rundt halsen. Brukaren må ha tilkopla linje for fast-telefon i bustaden sin. Pris kr. 288,- per månad.

MATOMBRINGING

Utkøyring og levering av varm middag til heimebuande. Pris kr. 105,- per middag. Frivillige gjennom Jølster Frivilligsentral og heimetenesta står for utkøyring og levering av maten.

HEIMEHJELP

Heimehjelp er hjelp til dagleglivets praktiske gjeremål og kostnad vert rekna ut frå samla inntekt i familien (frå kr 200,- per månad til kr 241,- per time).

HEIMESJUKEPLEIE

Heimesjukepleie er nødvendig helsehjelp i heimen, for kortare eller lengre varigheit og er utan kostnad for brukaren.

KORTTIDSOPPHALD I INSTITUSJON

Kan tildelast for opptrening / rehabilitering eller anna formål. Jølster kommune har totalt 8 korttids plassar, og prisen er kr 155,- per døgn i inntil 60 dagar pr. år. Etter 60 dagar vert eigenbetalinga rekna ut etter inntekt.

OMSORGSBUSTAD

Føremålet med omsorgsbustad er å gje eldre, uføre eller andre ein god bustad som er tilrettelagd for omfattande pleie og omsorg utanfor institusjon. Det følgjer ikkje tenester med bustaden, så tenester som nemnde over må også søkast på ved behov. Jølster kommune har totalt 63 omsorgsbustadar, prisar ligg mellom kr 6000,- og kr 6500,- per måned.

OMSORGSBUSTAD I BUFELLESSKAP MED HEILDØGNS PLEIE OG OMSORG

Dette er ein omsorgsbustad med heildøgns pleie og omsorg. Mat og reinhald/klesvask er inkludert i vedtaket. Omsorgsnivået tilsvarar sjukeheimsplass.

Jølster kommune har 25 omsorgsbustadar i bufellesskap, husleige inkludert mat og vaskeritenester er har ein totalkostnad per måned på kr 11 858,-.

STØTTEKONTAKT -NAV tildeler dette og kan nåast på telefon 57016226

NAV organiserer støttekontaktordninga i Jølster. For søknad og meir informasjon ta kontakt.

Tenestekontoret gjev informasjon om tenestene under.

Ta kontakt på telefon 57726153 om du har spørsmål om:

DØR-TIL-DØR TRANSPORT

Transporttenesta for funksjonshemma er eit tilbod til funksjonshemma som har vanskar med å nytte seg av kollektive transportmiddel. Størstedelen av transporten vert utført av ordinære drosjer. Transportkort skal berre nyttast til fritidsreiser. Du må fylle ut søknadsskjema som du får på tenestekontoret. Ved spørsmål ta kontakt med tenestekontoret på telefon 57726153.

BUSTØNAD – HUSBANKEN

Du kan søkje om bustønad dersom husstanden din har låge inntekter og høge bukostnader. Forholdet mellom inntekt og bukostnader avgjer om du har rett til bustønad. Inntekta må vere så låg at du har problem med å betale bukostnadane. Det er sett øvre grenser for kor høg inntekt du kan ha for å kunne få bustønad. Sjå www.husbanken.no for informasjon og søknadsskjema. Ved spørsmål ta kontakt med tenestekontoret på telefon 57726153.

FØLGJEKORT FOR FUNKSJONHEMMA

Har du fysiske eller psykiske funksjonshemmingar kan du få følgjekort. Følgjekortet gir deg rett til å ha med ein assistent, som slepp å betale for billetten sin. Dette kan til dømes vere på kultur- og fritidsarrangement eller på offentleg transport.